

---

Saknr: 2020/1928-42  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		28.04.2020

**Einerettar for drosje**

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi uttale i saka om «Einerettar for drosje».

Samandrag

Den 1.7.2020 trer ny yrkestransportlov i kraft. Lova vil medføra fleire endringar, blant anna fell makstaletavgrensinga på drosjeløyvetalet vekk, og driveplikta vert fjerna. I den nye lova har fylkeskommunen fått mynde til å gjere inngrep i den opne marknaden i ein kommune ved å tildela "einerett" til ein eller fleire aktørar etter bestemte vilkår. Dette for å sikre eit døgntinuerleg tilbod og sikra eit likeverdig tilbod i distriktet.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssektær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Idag kan fylkeskommunen påleggja drosjenæringa å ha bilar tilrettelagt for rullestolbrukarar. Når den nye lovendringa trer i kraft 1. juli 2020, vil ikkje fylkeskommunen lenger ha høve til å stille slike krav. Det vil frå same tidspunkt heller ikkje bli gitt refusjon for meirinvesteringar i slike bilar, og i tillegg aukar avgiftene på dei tilrettelagde bilane. Slike vilkår kan føra til at næringa ikkje vil sjå det økonomisk forsvarleg å investera i slike bilar.

Ettersom løyvestyresmakta heller ikkje kan stille krav om storbil/rullestolbil, kan ein også risikere at tilbodet med slike køyretøy vert dårlegare. Dette vil gå ut over særskilte grupper, og føra til eit særskilt dårleg transporttilbod for funksjonshemma.

Ettersom driveplikta på drosjeløyve forsvinn, vil det ikkje lenger være eit krav til løyvehavar om døgnkontinuerleg drift. Ein kan då stå i fare for at det døgnope og heilårlege tilbodet ikkje vil vera mogleg å oppretthalde i mange områder. Mange stader med manglande offentleg transport, er drosje einaste tilbodet som mange er heilt avhengige av for å kunne delta i samfunnet. I sentrale strom med mange tilbydarar vil dette mest sannsynleg ikkje påverke tilbodet. Det vert opp til marknadsaktørane sjølve å innretta tilbodet.

Det kan være det kjem andre tilbydarar i distriktet som ein ikkje har i dag, og ein innføring av einerett på førehand vil være ei etableringshindring for desse. Vidare synes det klart at ein einerett i seg sjølv ikkje er eit særleg eigna verktøy for å betra drosjetilbodet. For å gjere ein einerett ettertrakta må den koplant med kontraktskøyring eller være knytt til eit tilskot frå fylket og/eller kommunen.

Eineretten vil ikkje gjelde for pasienttransport. I mange kommunar kan pasienttransporten utgjera ein stor del av køyringa.

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet ynskjer ytterlegare informasjon om den nye yrkestransportlova som trer i kraft 1.7.2020. I den nye yrkestransportlova har fylkeskommunen fått mynde til å gjere inngrep i den opne marknaden i ein kommune ved å tildele "einerett" til ein eller fleire aktørar etter bestemte vilkår. Dette for å sikre eit døgnkontinuerleg og heilårleg tilbod, særleg i distriktet der det ikkje er mogleg å nytte anna transporttilbod .